

Fræna kommune
Landbruk

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
2010/67	Deknr: 25
26 APR 2010 ASR/DEB	
IAA	410

Melding om vedtak

Dvkkr ref:
201000067-IAA

Vår ref
2010/705-3

Saksbehandlar
Per Eldar Nakken

Dato
23.04.2010

Høyring - forslag om endringar i Forskrift om nydyrking

Saka er blitt lagt fram for politisk behandling og i møte 12.04.2010 er det av Plan- og økonomiutvalet i kommunen fatta følgende vedtak:

Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune **meiner at det ikkje bør innførast eit totalforbod mot nydyrking av myr.** Det blir vist til:

- Matproduksjon i våre klimaområde skjer i ein sær s erosjonssterk natur der vi også har nok vatn. Slik skulle heller matproduksjonen i våre område stimulerast enn avgrensast.
- I mange område langs Vestlandet og i Nord-Noreg er det får alternativ til dyrking av anna jord enn myr – til dømes på Smøla og i Fræna. Slik dyrking kan vere naudsynt for å oppretthalde gardsbruk og spreidd busetnad
- Ein vesentleg del av nydyrkinga av myr i området inneber omgraving og lite frigjering av CO₂.
- Nydyrking inneber at ein større del av fôrproduksjonen skjer på eige areal. Det vil bety kortare transportavstandar og jord med betre hevd, dermed mindre utslepp av både CO₂ og N₂O enn om alternativet er leigejord.
- Om få tiår står ein globalt overfor ei vesentleg utfordring med omsynt til å skaffe befolkninga i verd nok mat. Når folketalet stig, etterspørselen etter matvarer aukar og det samtidig skjer ei omfattande nedbygging av jordbruksareal, kan det bli behov for å nytte meir av det dyrkbare arealet til matproduksjon i framtida.

Det må vere opning for å kunne gjere ei skjønsmessig vurdering av kva ei nydyrking vil medføre av klimamessige konsekvensar, og at kommunane fortsatt skal kunne tillate nydyrking også av myr.

Postadresse
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen
E-post:
postmottak@xxx.kommune.no

Besøksadresse
Kommunehuset

www.xxx.kommune.no

Telefon
712 68 100
Telefaks
712 68 190

Bank


Org.nr

Vedlagt følger sakspapira med vedtak i saken.

Med helsing



Per Eldar Nakken
Landbrukssjef



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	40/2010	29.03.2010
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	44/2010	12.04.2010

Høyring - forslag om endringar i Forskrift om nydyrking

Vedlegg

- 1 Høyring - forslag til endringar i forskrift om nydyrking

Saksopplysningar

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat der m.a. kommunane er høyringsinstansar. Høyringa dreier seg om Forskrift om nydyrking. Endringsforslaget inneber m.a. eit forbod mot nydyrking av myr.

Det er mykje fokus på klimautfordringane for tida. I den samanheng bidreg også landbruket med utslepp/frigjering av m.a. lystgasser (N₂O), metan (CH₄) og karbondioksid (CO₂). Desse ulike klimagassane er vidt forskjellige både i form og klimaverknad. Verknaden dei har i forhold til kvarandre m.a. på global oppvarming blir oftast målt i CO₂-ekvivalentar. I St.meld. nr. 39 (Klimautfordringene – landbruket en del av løsningsen) er det m.a. foreslått å ta klimaomsyn inn som del av målsettinga med nydyrkingsforskrifta på linje med biologisk mangfald, kulturminner og næringsomsyn. Det er som følge av dette at departementet no sender på høyring eit forslag om endringar i nydyrkingsforskrifta.

Forslaget til endringar inneber i grove trekk:

- Klimaomsyn inn som eit vurderingselement.
- Nydyrking skal også omfatte jordbruksareal som har gått ut av drift (unytta i over 20 år) eller jordbruksareal som p.g.a. manglande vedlikehald av drenering har gått over til å bli myr.
- Forbod mot nydyrking av myr.

Kva er myr? Norsk insitutt for skog og landskap står bak gjeldande arealklassifikasjonssystem (AR5). Dette blir brukt m.a. i økonomisk kartverk. Eit generelt krav til myr i.h.t. AR5 er at det skal vere myrvegetasjon, at torvlaget skal vere minst 30 cm og at minstearealet for registrering av myr er 2 dekar. I lite produktive områder er minstearealet 5 dekar.

Det er lagra mykje CO₂ i myr. Når myr blir dyrka opp og drenert, vil det komme i gang ein prosess med nedbryting av organisk materiale. Det dyrka arealet blir ein langvarig kjelde til utslepp av CO₂. På grunn av omdanning av torva og auka mineralinnhald er det sannsynleg at utsleppa blir redusert over tid. Utsleppa vil vere vesentleg større ved åkerdyrking enn ved grasproduksjon (varig eng). Dyrka myr vil òg bidra med utslepp av N₂O.

I ein forskningsrapport frå Bioforsk går det fram at dyrka myr utgjer eit areal på ca. 700 000 dekar og er den største kjelda til CO₂-utslepp frå landbruket. Arealet er likevel venta å gå ned i åra framover som følge av at det blir dyrka mindre areal enn det som blir omdanna til mineraljord eller blir tatt ut av drift. I tillegg til stans av myrdyrking blir òg omlegging frå åker til gras og bruk av biokol i jord nemnt som tiltak for å redusere utslepp eller binde karbon i jord.

Vurdering

Endringsforslaget inneber tre nye punkt i forskrifta. Det er vel det siste punktet, forbod mot nydyrking av myr, som bør vere gjenstand for debatt.

I Fræna er det veldig grovt rekna ut å vere ca. 50 000 dekar med dyrkbart areal. Ein stor del av dette er myrjord. Årleg blir det dyrka 100-200 dekar. Det er ikkje ført statistikk på kor mykje av dette som er myrjord, men truleg over halvparten av det nydyrka arealet.

I vurderinga av eit forbod mot nydyrking bør ein ta omsyn til kva nydyrking faktisk inneber. Svært ofte er myrjorda som blir dyrka eit torvlag på mellom 0,5 og 2 meter som ligg over mineraljord (morene/sand/leire). Dyrkinga inneber oftast ei omgraving av jorda, slik at torvjorda kjem under og mineraljorda kjem oppå. Slike areal blir verdifulle jordbruksareal. Det torvlaget som blir gravd ned, vil berre i liten grad bli utsatt for slik nedbryting at det blir vesentlege CO₂-utslepp. Dette er ein dyrkingsmetode som er blitt meir vanleg i seinare tid, med tilgang på større gravemaskiner.

I vårt nedbørrike område finn ein òg mange mindre nedbørsmyrer som ligg i område med anna og betre jordsmonn. Når slike ligg inne i areal som ellers er aktuelle å dyrke, er det ikkje naturleg at det skal stå igjen små "øyer" med myr.

Ei anna sak er det når ein har å gjere med lite omdanna myr som ligg rett på fjellgrunn. Det har vore dyrka ein del slikt areal tidlegare, men det har vist seg å vere vanskeleg å få til god drenering på slikt areal. Det kan nok vere formålstenleg å vere restriktiv til storstilt dyrking av vanskeleg myr.

Det vil vere ein viss forskjell på om dyrkinga er med tanke på grasproduksjon eller åkerkulturar. Bioforsk peiker òg på denne forskjellen, og nemner omlegging frå åker til gras som eit tiltak for å binde karbon. Karbonbindinga vil nok avta over tid, og i jord som har vore brukt til gras over lang tid kan ein anta at det er omlag likevekt mellom tilførsel og nedbryting av organisk materiale og dermed balanse når det gjeld karbon. På Vestlandet og i store deler av landet for øvrig står grasproduksjon for mesteparten av arealbruken. Dyrking av myr med tanke på grasproduksjon vil medføre langt mindre CO₂-utslepp enn dei tala som kjem fram i

høyringsnotatet. Ein må i denne samanheng nemne at ein i staden må vente auka utslepp av metan (CH₄) og lystgass (N₂O) frå auka husdyrproduksjon i staden, slik at effekten blir jamna ut.

Det er òg eit næringsmessig element i dette. Dei som dyrkar myr gjer det for å få auka eige arealgrunnlag og for å sleppe å køyre langt etter fôr andre stader. Det er som regel ikkje utviding av husdyrhaldet som er årsak. Det er ei kjent sak at eige jordbruksareal blir halde betre i hevd enn leigd areal. God drenering og god hevd er eit viktig element i å halde utslepp av lystgass (N₂O) nede. Utslepp av lystgass heng nært saman med at det blir tilført meir nitrogen (N) gjennom gjødsling enn det planter/avling tek opp. Klimamessig er det minst like viktig som utslepp/frigjering av CO₂. Det er mange enkeltbruk som vil bli sterkt skadelidande ved eit forbod mot nydyrking av myr, der auka CO₂-utslepp langt på veg kan oppvegast av mindre transport og mindre N₂O-utslepp.

Ei samla vurdering er at det er å gå litt for langt å fastsetje eit totalforbod mot nydyrking av myr. Det er ein del nyanser som gjer at det bør vere ei viss opning for å tillate nydyrking av myr. Ein bør òg sjå eit dyrkingsforbod opp mot utviklinga i folketalet og den nedbygginga av matjord som foregår mange stader. Folketalet stig både globalt og nasjonalt, og med det ein større etterspørsel etter mat. At klimaomsyn kjem inn som eit vurderingselement og at nydyrking også skal omfatte jord som ikkje har vore i drift i 20 år eller dyrka myr som p.g.a. manglande vedlikehald har gått tilbake til "naturleg myr", er det ingen merknader til.

Rådmannens tilråding:

Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune meiner at det ikkje bør innførast eit totalforbod mot nydyrking av myr. Det blir vist til:

- Ein vesentleg del av nydyrkinga av myr i området inneber omgraving og lite frigjering av CO₂.
- Nydyrking inneber at ein større del av fôrproduksjonen skjer på eige areal. Det vil bety kortare transportavstandar og jord med betre hevd, dermed mindre utslepp av både CO₂ og N₂O enn om alternativet er leigejord.
- Når folketalet stig, etterspørselen etter matvarer aukar og det samtidig foregår ei omfattande nedbygging av jordbruksareal kan det bli behov for å nytte meir av det dyrkbare arealet til matproduksjon i framtida.

Det må vere opning for å kunne gjere ei skjønsmessig vurdering av kva ei nydyrking vil medføre av klimamessige konsekvensar, og at kommunane fortsatt skal kunne tillate nydyrking også av myr.

Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 29.03.2010

Saka vart utsett

Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 12.04.2010

Rådmannen trekte si opprinnelege tilråding og sette fram i møtet følgjande ny tilråding:

Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune **meiner at det ikkje bør innførast eit totalforbod mot nydyrking av myr.** Det blir vist til:

- Matproduksjon i våre klimaområde skjer i ein sær s erosjonssterk natur der vi også har nok vatn. Slik skulle heller matproduksjonen i våre område stimulerast enn avgrensast.
- I mange område langs Vestlandet og i Nord-Noreg er det får alternativ til dyrking av anna jord enn myr – til dømes på Smøla og i Fræna. Slik dyrking kan vere naudsynt for å oppretthalde gardsbruk og spreidd busetnad
- Ein vesentleg del av nydyrkinga av myr i området inneber omgraving og lite frigjering av CO₂.
- Nydyrking inneber at ein større del av fôrproduksjonen skjer på eige areal. Det vil bety kortare transportavstandar og jord med betre hevd, dermed mindre utslepp av både CO₂ og N₂O enn om alternativet er leigejord.
- Om få tiår står ein globalt overfor ei vesentleg utfordring med omsynt til å skaffe befolkninga i verd nok mat. Når folketalet stig, etterspørselen etter matvarer aukar og det samtidig skjer ei omfattande nedbygging av jordbruksareal, kan det bli behov for å nytte meir av det dyrkbare arealet til matproduksjon i framtida.

Det må vere opning for å kunne gjere ei skjønsmessig vurdering av kva ei nydyrking vil medføre av klimamessige konsekvensar, og at kommunane fortsatt skal kunne tillate nydyrking også av myr.

Vedtak

Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune **meiner at det ikkje bør innførast eit totalforbod mot nydyrking av myr.** Det blir vist til:

- Matproduksjon i våre klimaområde skjer i ein sær s erosjonssterk natur der vi også har nok vatn. Slik skulle heller matproduksjonen i våre område stimulerast enn avgrensast.
- I mange område langs Vestlandet og i Nord-Noreg er det får alternativ til dyrking av anna jord enn myr – til dømes på Smøla og i Fræna. Slik dyrking kan vere naudsynt for å oppretthalde gardsbruk og spreidd busetnad
- Ein vesentleg del av nydyrkinga av myr i området inneber omgraving og lite frigjering av CO₂.
- Nydyrking inneber at ein større del av fôrproduksjonen skjer på eige areal. Det vil bety kortare transportavstandar og jord med betre hevd, dermed mindre utslepp av både CO₂ og N₂O enn om alternativet er leigejord.
- Om få tiår står ein globalt overfor ei vesentleg utfordring med omsynt til å skaffe befolkninga i verd nok mat. Når folketalet stig, etterspørselen etter matvarer aukar og det samtidig skjer ei omfattande nedbygging av jordbruksareal, kan det bli behov for å nytte meir av det dyrkbare arealet til matproduksjon i framtida.

Det må vere opning for å kunne gjere ei skjønsmessig vurdering av kva ei nydyrking vil medføre av klimamessige konsekvensar, og at kommunane fortsatt skal kunne tillate nydyrking også av myr.